

Kommunen som styrings- og forvaltningsorgan



Mål for arbeidet denne kvelden

- Synleggjera dei folkevalde si rolle som
 - forvaltningsorgan med offentleg mynde, og
 - ansvarleg styringsorgan for kommunen som organisasjon.
- Orientera om spelereglar og gje eit oversyn over den administrative organisasjonen som skal vera dei folkevalde sin reiskap for å gjennomføra dei kommunale oppgåvene og dei folkevalde sine vedtak.

Program

- 16.00 Innleiing ved rådmannen
- 16.15 Folkevalde si rolle som ansvarleg styringsorgan for kommunen som organisasjon, og forvaltningsorgan og med offentleg mynde. Fatta vedtak etter lovar og regelverk. Vedta regelverk. Kva spelereglar gjeld for sakshandsaming? Det vert gjeve rom for samtale og drøfting rundt bord og i fellesskap Harald
- 17.00 Pause
- 17.15 Framhald av tema - oppsummering
- 17.30 Klagerett, handsaming av klager – klageorgan. Fylkesmannen si rolle. Rom for samtale og drøfting. Dag Heine
- 18.00 Pause
- 18.15 Politiske problemstillingar – dilemma, informasjon – media. Rom for samtale og drøfting. Vagleik
- 19.00 Pause
- 19.15 Stabsfunksjonar. Orientering om personalforvaltning, opplæring, m.m. Guri og Wenke
- 20.00 Pause
- 20.15 Delegasjon. – utvikling, status og vegen vidare Harald
- Rom for samtale og drøfting.
- 20.45 Slutt

Myten om kommunen

- Etaten – Nrk sitt underhaldnings program med stor suksess.
- ”Kommunen er betre enn sitt rykte”
- ”Den norske kommunen er ei perle”.


Dei folkevalde sine ulike rollar


- Ombodsrolla
- Samfunnsutviklarrolla
- Utøva offentleg mynde
- Styringsrolla
- Arbeidsgjevarrolla
- Kontroll-rolla
- Husk. Det er kommunestyret som organ som er ansvarleg og har mynde.

Tema for drøfting

- Kva tankar har du til temaet ”ombodsrolla”?
 - Bør det i Fjell vera noko grense for ein politkar i å utøva ”ombodsrolla”? Kva skal til før ein vert part i ei sak, eller eigentleg freistar å gjera ein ”venneteneste”?

Kva meiner folk om Fjell kommune?





■ Gjennomsnittlig brukertilfredsheit Noreg

■ Gjennomsnittlig brukertilfredsheit

Forvaltningsvedtak

- Lite (ikkje)rom for å utøva partipolitikk
- Lite (ikkje)rom for å hjelpa vener
- Rammene for vedtaket er lov- og regelverk
- Er søknaden innafor regelverket er svaret JA, er søknaden i strid med regelverket er svaret NEI.
- Unnatak skapar presedens – folk har krav på likebehandling
- Ulovleg vedtak skapar ikkje presedens, men kan føra til erstatningskrav

Tema for drøfting

- Kva tankar har du til temaet ”utøva offentleg mynde”?
 - Går politikarrolla og ”lovtolkarrolla” saman?
 - Korleis kan ein sikra like vedtak i like saker?
 - Korleis kan ein betra omdømet på dette området?

Styringsrolla

- Ansvar for at lovpålagte oppgåver vert løyste innafor tilgjengelege midlar – pengar og personale.
- Ansvar for å vurdera og realisera lokale oppgåver som folk ønskjer frå "fellesskapet".
- Ansvar for å prioritera oppgåver innafor tilgjengelege ressursar.
- Ansvar for å medverka til rasjonell og kostnadseffektiv drift

Organisasjonen

Rådmann

Tenestesjefar:

Skule
Barnehage
Sosial
Omsorg
Helse

Stabssjefar:

Servicetorg
Eigedom
Plan- og utbygging
IKT
Økonomi
Personal

Arbeidsgjevarrolla

- Leggja til rette for ein god arbeidsgjevarpolitikk
 - Syta for at det er system for kompetanseutvikling
 - Syta for at det er system for å sikra eit godt fysisk- og psykisk arbeidsmiljø
 - Byggja opp om nødvendig legalitet for trygge leiarstrukturar

Delegert mynde

- Rådmannen har mynde til å leia administrasjonen etter kommunelova
- Kommunestyret har overordna styringsansvar for alle oppgåver kommunen er pålagt eller tek på seg
- For å løysa oppgåva på ein rasjonell måte delegerer kommunestyret mynde til folkevalde organ og administrasjonen.
- Kommunestyret kan ikkje delegera ansvaret

Innsatslikninga

- **Innsats** = årsverk **x** kompetanse **x**
organisering **x** engasjement **x**
motivasjon **x** teknologi

Rolledeling - arbeidsdeling

- Kommunestyret – KFF har arbeidsgjevar - mandat - og mynde.
- Rådmannen har etter kommunelova, ansvaret og mandatet til å styra/leia administrasjonen.
- Delegasjonsvedtaket i 2003/7 gav rådmannen fullmakt til å utøva store deler av arbeidsgjevarmandatet, mellom anna tilsetjing, oppseiing, oppretting og inndraging av stillingar. Alt innan gjevne styringsdokument og vedteke budsjett.
- KFF vurderer overordna styrings- og rammevilkår og gjev mandat i tingingar. KFF er også "klageorgan" i tilsetjingssaker.

Rolledeling - arbeidsdeling

- Problem med delt ansvar:
- Arbeidsgjevaroppgåver politikarane ønskjer å utøva bør ikkje vera delt mellom rådmann og politisk organ.
- Har rådmannen oppgåva er ansvaret å rapportera til politisk organ.
- Blandingsorgan mellom politikarar og administrasjon er problematiske fordi rolleforståinga vert uklår. I eit slikt organ er det naturleg at politikarane leiar og administrasjonen er sekretariat.

Laga regelverk

- På nokre område krev delegasjon av mynde frå kommunestyret til underordna organ eller administrasjon, eit regelverk td. Budsjett, planar, reglement, vedtekter ...
- Delegasjonsmynde som er gjeve til rådmannen er følgt av eit detaljert oppsett over saksområde som rådmannen skal styra.
- Delegasjon krev rapportering. Normalt går det fram av delegasjonsvedtaket i kva omfang og form det skal gjevast rapport – Rekneskap – årsmelding osv.

Tema for drøfting

- Korleis kan ein sikra folkevald styring saman med delegert mynde.
- Kva er mest tenleg: Eit detaljert regelverk, eller eit rammeprega regelverk for delegasjon?